



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Ulstein kommune  
Postboks 143  
6067 Ulsteinvik

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
B. Friisvold	30.08.2011	MR 11/8892	Arkeolog Øyunn Kleiva tlf 7128867 moibl 9594583	15.03.2012

## **Innspeil til oppstart etter arkeologisk registrering. Detaljplan Bakken. Vik gnr 8, Ulstein kommune.**

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi viser til vårt innspel med krav om arkeologisk registrering på friområda på gnr 8 bnr 422 og 263 tilknytt endring av gjeldande plan – for detaljplan Bakken dagsett 27.9.2011.

Registreringa vart etter tinging utført 26. og 27. oktober 2011.

Registreringa omfatta berre bnr 263 då bnr 422 ifylgje planleggar ikkje skulle endrast. På ortofoto ser det ut til å ha vore greve rett gjennom areala på bnr 422. På bnr 263 viste om lag halve friområdet innanfor planavgrensinga seg å vere opparbeidd til parkering.

Det vart på attståande deler av bnr 263 påvist og avgrensa eit område med fossile dyrkningslag, dels i to faser der den eldste er tidfest til ca 400-200 år f.Kr. f. (fyrste del av eldre jernalder/førromersk jernalder). Dette er automatisk freda etter kulturminnelova §§ 3 og 4. Fornminnet er gitt idnr 155464 i den nasjonale kulturminnebasen Askeladden.

Vedlagt her fylgjer ei kartfesting av laget. Det er to val i handtering av denne lokaliteten i vidare planlegging:

- 1- De kan så sjå om det er mogleg og aktuelt å la lokaliteten i detaljplan Bakken ligge som omsynsone d), og med omsynsone c) for resterande friareal utanom utbygd areal isør. Iså fall skal omsynsone ligge på bakgrunn av grøntareal t.d. friområde/park. På plankartet skal det framgå at årsak til omsynsone er freda kulturminne. Likeeins skal dette framgå i føresegn tilknytt omsynsone d) og c) under hovudføremaal, samt der at det ikkje er lov å gjere noko som kan skade eller skjemme lokaliteten (så som inngrep i grunnen eller tildekking). Markdjupna er relativt bra, så det kan opnast for inngrep øvre jordlag for evt. Tillaging til plen mogleg ned til 20 –25 cm over markoverflata. Omsynsone c) må mellombels inngjerdast under anleggsarbeid i nærområdet. Omfang av omsynsone kan drøftast nærare etter behov.
- 2- Lokaliteten er av ein hyppig førekomande type og vi vil ved arealbrukskonflikt (regulering til område der inngrep er del av plan), fremje dispensasjon frå kulturminnelova for lokaliteten tilknytt offentleg høyring. Vi tilrår då ikkje nærare undersøking avdi vi ikkje sr særleg stort vidare informasjonspotensial i lokaliteten. Prøveperioden for at fylkeskommunane kan frigje enkelte mindre lokalitetar som denne er signalisert til å bli forlenga ut dette året. Elles er Riksantikvaren dispensasjonsmynde. Lokaliteten skal ved slik dispensasjon ikkje markerast i sjølve planen eller eige kart tilhøyrande planen om det då ikkje kjem krav om nærare undersøking.

Ved offentleg ettersyn vil vi ha motsegn til planen dersom den ikkje ivaretek fornminnet på skikkeleg vis/event. til dispensasjon føreligg. Til vurdering under offentleg høyring vil det vere

naudsynt å få ein kopi av plankartet med markering av fornminnet tilsvarande stilpla line på vedlagt kart.

(Vi gjer merksam på at kartfestinga i Askeladden førebels berre utgjer ei markering av at det er eit dyrkningslag på denne marka og at kartet der er under oppjustering. Visse vanskar med den nye Askeladden kan bety at lokaliteten får eit nytt idnr ved rett kartfesting.)

## Nyare tids kulturminne

I område som i gjeldande plan var avsett til offentleg føremål, rett aust av undersøkingsområdet ligg eit gardstun med løe, bud og våningshus. Vi var budd på at så sentrumsnært som planområdet er, var det som var regulert til utbygging i gjeldande plan utbygd. Dette viste seg altså ikkje å vere tilfelle for tunet rett aust av undersøkingsområdet på bnr 366 ligg våningshus og stabbur og på bnr 311 løe. Tunet er tidlegare bnr 31. Stova vart sett opp i 1901 og tunet er såleis akkurat yngre enn grensa for kva som i si tid kom inn i SEFRAK-registreret. Desse to tilhøva – manglande sefrakregistrering og at ein har trudd her var utbygd til offentleg føremål og skulle forbli det er årsaka til at vi i fyrste innspel ikkje har kommentert dette.

Vi ser, altså av eit mellombels plankart som feltarkeologen fekk av planleggjar at det akkurat for tunområdet skil gjeldande reguleringsplan seg frå den som er under utarbeiding, då offentlege areal for bnr 366 (våningshus og stabbur) moglegvis skal erstattast av eit næringsareal på 1,6DA.

Nye næringsareal på nordsida strir mot grunnstrukturen i bruken av områda her: næringsareal (amfi) ligg på sørsida av vegen, medan areala på nordsida er offentleg areal (teneste).

I samband med utarbeiding av planen må kommunen gå inn på

- om det eldre bygningsmiljøet (våningshus og bud) vil vere ein verdi ståande att i tilknytning til dei offentlege areala.
- om det her er naudsynt med næringsareal på begge sider og kvifor ein i så fall vil bryte opp eksisterande struktur
- kan bustadhus og/eller stabbur verte ståande her som ei grøn lita lunge tilsvarande eller i staden for andre skjermende og grensesetjande friområde i planen?
- om det er naudsynt med næringsareal her gå inn på om stabbur og hus eventuelt kan flyttast. For buda (stabburet) skulle ikkje dette vere særleg vanskeleg.

## Samandrag

Det er ved arkeologisk registrering påvist dyrkningsspor i form av fossile lag under dagen matjord idnr 155464 på gnr 8 bnr 263. Desse er freda etter kulturminnelova §§ 3 og 4 og skal forvaltast utifrå dette i utarbeiding av plan: 1) Desse kan regulerast til omsynsone eller 2) alternativt fremjast dispensasjon frå fredning jfr kulturminnelova § 8 .4. ledd tilknytt offentleg høyring. Det ligg ei rekke slike mindre fossile åkerlagsrester rundt omkring, difor er lista låg for dispensasjonsfremjing når dei ikkjeinngår som del av ein vidare og meir kompleks funnsituasjon, har ei heilt særmerkt tidfesting eller vidare kunnskapspotensiale.

Vi tilrår og at det vert vurdert om og i så fall korleis ein kan take omsyn til stabbur og event. våningshus på bnr 366.

Dette brevet vert berre oversendt elektronisk.

Med venleg helsing

Kjersti Dahl  
Konst. Fylkeskonservator

Øyunn Kleiva  
Arkeolog/rådgjevar kulturminnevern

Vedlegg:

- Kartfesting fornminne
- Registreringsrapport